

Bygde-Noreg gjer seg lekker for unge urbane par. Dei bør sjå til England, der den velgjødde øvre middelklasse har kjøpt seg ut av byane. Dei står med ryggen til bygda, kun konsentrert om å byggje kulisser kring egne liv.

Idylliseringas pris

BYGDEUTVIKLING

Bjørn Egil Flø
forskar, Norsk senter for
bygdeforskning



Medan stadig fleire velmeinandende bygdeutviklingsprosjekt ivrar for at Bygde-Noreg skal gjere seg attraktiv for unge urbane og velutdanna par som etter teorien forvaltar mesta alt som skal til for å skape kreativitet og dynamikk, kan det vere relevant også å gløtte litt til kontraurbaniseringas baksida.

Kanskje kan prosjekt som «Framtidsfylket», «Flytt hit» og «Hardangerlokk» også lære litt av mitt møte med 70 år unge Annie i bydelen Haringey i Nord-London. Kanskje kan me ta med oss at den aktive idylliseringa også kan ha uheldige konsekvensar for lokalbefolkninga og det rurale næringslivet.

Bygdefolk måtte flytta

«I love the countryside», seier Annie i det ho forsvinn inn på bakrommet på den vesle dyrebutikken ho passar for dottera. Like fort kjem ho att og syner stolt fram eit bilete av seg sjølv og mannen omkransa av ein brot med ungar. «Dette var medan me framleis hadde råd til å bu i på landet», fortel ho med ein tydeleg lengt.

Annie og familien hennar er blant dei mange hundre tusen som kan kallast offer for kontraurbaniseringa som har prega den britiske landsbygda dei siste 20 – 30 åra. I takt med privatisering, nedskjering i offentleg sektor og jamt tøffare kår for den rurale industrien har det skjedd ei utskifting av den britiske bygdebefolkninga. Arbeidsfolk, ruinerte bønder og overfløydige offentleg tilsette har måtte flytte til byane og freiste lykka i dei nedslitne urbane utkantane.

Øvre middelklasse tek over

Dei rurale småbyane framstår no som attraktive omgavnader for den urbane middelklasse sin nyrurale livsstil. Frå å ha vore prega av landbruk, småindustri og ei lokalt sysselsett arbeidarklasse er dei idylliske småbyane no dominert av ei fjernarbeidande øvre middelklasse. Dei er unge og vellykka, dei lever i korrekte parforhold og er kvite i huda, dei har frie yrke og pengar på bok og dei har flykta frå den urbane trengsla og dei stadig meir trassige storbyane. Dei søkte trygge omgavnader, armslag og frisk luft og dei fant det dei leita etter.

Etter kvart som slike som Annie laut flytte ut av heimane sine flytta desse inn. Dei inntok den britiske landsbygda med intensjonar om å skape egne private idyllar. Stader der dei kunne få arbeide i fred og vere kreative, der dei kunne skrive bøker og blåse blomstervasar, der dei kunne designe kjolar og kåper og levere vekevisse kommentarar til leiande aviser.

«Dei skapar ingen ting desse», seier Annie. Ho snakkar om dei



INGEN PRODUSENTAR: Dei unge og vellykka i frie yrke har fått armslag og frisk luft på den engelske landsbygda (biletet). Medan arbeidsfolk, ruinerte bønder og overfløydige offentleg tilsette har måtte flytte til byane og freiste lykka i dei nedslitne urbane utkantane, skriv Bjørn Egil Flø.

ARKIVFOTO: COLOURBOX.COM

nyrurale og hevdar dei står med ryggen til bygda, kun konsentrert om å byggje kulisser kring egne liv. Pengane tenar dei i London og småbyane er einast private retreat og representasjonar av seg sjølv. Dei manglar det som trengst for å skape tillit og å styrke den stadeigne sosialkapitalen. Dei manglar tidsperspektivet. Annie fortel at huset dei laut selje i 1988 har vore omsett fire gongar etter det. «Dei har ingen røter der og heller ingen grunn til å slå rot».

Ho hadde levd heile livet på den engelske landsbygda, men i 1987 råka Margaret Thatcher sin privatiseringsiver også den barnerike familien i det sørlege England. Mannen som arbeida i det til då statlege busselskapet National Bus Company, fekk valet mellom ei stilling i London eller oppseiing. Forsumaren 1987 flytta Annie med mann og ni born til London.

Måtte selje

Dei kviddet mot å selje huset i den idylliske småbyen Shipton under Wychwood i Oxfordshire – det skulle verte pensjonistbustaden deira – men husprisane i hovudstaden gjekk i véret raskare enn kva ei bussarbeidarløn greidde å halde følgje med så dei såg inga anna råd. Meklarar og rådgivarar teikna grafar på tavlene og meinte dette ville vere ei lukrative investering. Slik prisutviklinga peika kunne dei kjøpe så mange rurale eigedomar dei ønska den dagen dei pensjonerte seg, vart dei fortalt.

«Du trong ikkje vere spåmann for å forstå at det ikkje gjekk

slik», seier Annie og nærast spyttar ut; «du trong berre å leve i denne skiten nokre år». Ho fortel om lokalsamfunnet sitt i bydelen Haringey i Nord-London og om kor mistruisk alle er. Ho fortel om innbrotta ho har hatt i leiligheta og om sonen som vart knivstukken i bydelen Wood Green. Ho snakkar om desillusjonerte tredjegerasjons arbeidslause og om desintegrerte innvandraar og ho snakkar om å ikkje ville kjenne naboane. «Me har blitt skuffa ofte nok til å slutte å tru på folk».

Bur i slitne arbeidarstrøk

For det var ikkje Chelsea og Notting Hill dei flytta til, dei hundretusenar av Engelske bygdefolk som forlet heimbygda si under herjingane åt «The Iron Lady», nei dei laut ta til takke med slitne arbeidarbustader i Waltham Forest, Croydon og Lambeth som alle toppar kriminalitetsstatistikken.

Medan den velgjødde øvre middelklasse kjøpte seg ut av byane, sat Annie og mannen att med einast lengten no – etter at vona hadde forlate dei. «Me vil aldri ha råd til å flytte tilbake. Verken til Oxfordshire eller nokon anna stad på den engelske landsbygda», fortel Annie. «Forresten. », sa ho «. huset som vi budde i vart selt igjen i vår, veit du kva prisen vart? ». Ho gav meg ikkje tid til å gjete. «789 000 britiske pund! », seier ho. Huset som dei knapt fekk ei årsinntekt for i 88, gjekk altså i år til nær 7,8 millionar norske kroner, tilsvarande nær 25 gjennomsnittlege britiske årsinntekter.

fakta

flytt til bygda

- Mange drøymmer i dag om å flytte ut av storbyane, for å få meir balanse i kvardagen. (...) I Sogn og Fjordane kan du oppleve opne, energiske og nyskapande miljø.
- Kommuner i Nord-Østerdal og Røros-området har gått sammen om prosjektet «Flytt hit» og kampanjen «Første klasse». Med budskap om det gode liv, godt skiføre og frihet fra køer, har de lokket 25 familier til fjellregionen.
- Er du lei av tidsklemma og rushtrafikk? I Hardanger kan du og familien din leva eit sunt og aktivt liv med fjord, fjell og foss som næraste nabo. n Hardangerlokk er ein kunst- og kulturorganisasjon. Aktiviteten skal formidla kvalitativ kunst og kultur som skal bidra til auka folketal, næringsverksemd, trivnad og positiv merksemd for regionen.

KLIPP FRÅ HEIMESIDENE TIL FRAMTIDSFYLKET, FLYTT HIT, FLYTT TIL HARDANGER OG HARDANGERLOKK

Hardt råka av thatcherismen gjorde dei rurale småbyane seg lekke for unge ressurssterke britar som hadde levd seg leie av livet i byen. Dei la seg på rygg og tilbød det beste dei hadde av rurale idyllar, og alt frå små «country cottages» til «manor houses» gjekk for stadig betre prisar.

Framover på 2000 talet sette dei sin lit til svevande teoriar om ei «kreativ klasse» som skulle skape nett den dynamikken som trongst for å lyfte småstadene inn i den nye økonomien. Dei stola på Richard Florida og andre karismatiske trubadurar sitt nye testament og aktivt ignorerte dei innspela frå den som måtte påpeike dei reelle konsekvensane av dårskapen.

Manglar arbeidskraft

Etter kvart som dei idylliske småbyane fyllest av glasblåsarar og frilansforfattarar med sikre utsikter for solide farsarvar vert dei lokale fyrstegongsetablerrane pressa inn mot dei større byane der husprisane ligg langt under det halve.

Heime set dei aldri slektningane att utan anna sosial kontakt enn kva den ukrainske heimhjelpa gir dei den eine timen ho er inno i veka. Det som er att av rural industri gjekk i fjor ut i The Daily Mail og hevda at det ikkje lenger er mogeleg å få tak i lokal arbeidskraft. «Dei som er igjen i lokalsamfunnet no», seier ein talsmann for The Rural Industries Group «. er enten helseause, gamle eller nyrurale som knapt evnar anna enn å lese romanar».